

# NYHENDE NR. 4 – SEPTEMBER 2015

## FORSLAG TIL MILEPÆLSPLAN FRAM TIL 1. JULI 2016



### Forslag milepælsplan for kommunane



Fylkesmannen ynskjer med dette å kome med forslag til ei [milepælsplan](#) med fristar for arbeidet med kommunereforma. Kommunane skal igjennom ei rekke milepærar som er lista opp under, og Fylkesmannen trur at det er ei god løysing med ei forutsigbar milepælsplan. Kommunane og regionråda har i fellesskap laga seg milepærar som samsvarar godt med denne [milepælsplassen](#).

- ✓ Utgreiingar innan **31.12.2015**
- ✓ Folkevaltopplæring
- ✓ Vurdering av utgreiingar – retningsval innan **31.01. 2016**
- ✓ Forhandlingsutval
- ✓ Forhandlingar
- ✓ Gjennomføring av forhandlingar
- ✓ Intensjonsavtalar innan **15.04. 2016**
- ✓ Innbyggjarhøring, folkerøysting, medverknad, innbyggardialog innan **08.05. 2016**
- ✓ Evt. felles mal for vedtak
- ✓ Saksutgreiing
- ✓ Endeleg vedtak innan **30.06. 2016**

### INNDELINGSLOVA

Høyringsfrist for lovendringar i inndelingslova og kommunelova gjekk ut 1. oktober 2015. Det er i høyringsutkastet foreslått å gjere nokon mindre endringar i inndelingslova samt nokre små justeringar i kommunelova for at inndelingslova skal kunne fungere som eit tenleg reiskap i kommunereformprosessen. Det er mellom anna foreslått at dei nye kommunane ikkje automatisk skal bli innmeld i ROBEK-registeret sjølv om ein eller fleire av dei tidlegare kommunane har hatt ROBEK-status. Det vil likevel vere eit tidsavgrensa høve for departementet til å melde den nye kommunen inn i ROBEK dersom ein etter ei skjønnsmessig vurdering finn at det ligg føre eit kontrollbehov. Vidare er det foreslått at det skal vere mogleg å gjennomføre ei deling som grensejustering dersom det gjeld ein «mindre del» av kommunen. Fylkesmannen i Møre og Romsdal finn det positivt at desse endringane vert gjort og har slutt seg til høyringsutkastet utan vesentlege merknader. [Les meir om høyringa her.](#)

### UNGDOM OG KOMMUNEREFORMA

Fylkesmannen sender i desse dagar ut brev til kommunane med informasjon om at alle kommunane i Møre og Romsdal blir tildelt kr. 50 000 til arbeidet med kommunereforma knytt til ungdom, som blir utbetalt til kommunane i termin 10. - november 2015.

Film om kommunereforma, retta mot ungdom, er også ferdig til framsynning. Det vil bli ei offisiell opning av filmen 14. okt. på Fylkeshuset i Molde. Filmen har tittelen «Kommunereforma på eitt minutt». Filmen kan brukast av kommunane i arbeidet med kommunereforma.

### KVA HENDER FRAMOVER

#### 6. nov. 2015 – Scandic Seilet hotell, Molde

Fylkesmannen og KS arrangerer kurs i **scenarier som metode for å forstå framtida**

Målgruppe: Samlinga passer best for dei i kommunen som har ansvaret for utgreiingsarbeidet

## FYLKESMANNEN HAR ORDET

Ferien er over og arbeidet med kommunereforma tar til igjen. Stortinget har gitt kommunane frist til innan **1. juli 2016** å utgreie og gjere vedtak om kommunen si vidare framtid. Fylkesmannen har fått i oppgåve å medverke til at kommunane kjem i mål med arbeidet innan fristen.

Kommunane er no godt i gang med konstituering av nytt kommunestyre, og i mange av kommunane er det også nye ordførarar. Fylkesmannen ser behovet for ei god folkevaldopplæring når det gjeld arbeidet med kommunereforma.

Fylkesmannen ynskjer å invitere til ei samling for alle ordførarar og varaordførarar der **kommunereforma** vert sett på dagsorden. Der vil tema blant anna bli: *Praktisk informasjon om framdrifta, Jus i kommunereforma og Lokaldemokrati*. Sjå informasjon om samlinga nedst på sida.

Fylkesmannen vil oppmøde kommunane om å følge milepælsplanen. Arbeidet med kommunereforma vil då kunne bli både lettare og meir forutsigbart - både i eigen kommune, og i samarbeid med nabokommunane.

Fylkesmannen skal etter at vedtaka er fatta i kommunane gjere si vurdering av vedtaka – og gi ei tilråding om kommunestrukturen i Møre og Romsdal. Fylkesmannen skal gjere denne vurderinga ut i frå ei

og/eller skal leie dei lokale prosessane. **Kursansvarleg:** Håvard Moe, seniorrådgivar i KS Konsulent AS. Ingen deltakaravgift. [Program og påmelding finn du her](#).

**11. og 12. nov. 2015 – Alexandra hotell, Molde**

Fylkesmannen arrangerer samling for ordførarar og varaordførarar 11. nov frå kl. 15.00 med tema **kommunereforma**. Middag om kvelden. Tilbod om overnatting. Dagen etter, den 12. nov. er det samling for ordførar/varaordførar og beredskapsansvarleg med tema **beredskap**. Same hotell og møtelokale begge dagar. Invitasjon til samlinga blir utsendt til kommunane i neste veke. Ingen deltakaravgift.

**2016: Nordmøre 6. jan - Romsdal 7. jan - Nordre Sunnmøre 13. jan - Søre Sunnmøre 14. jan**

Fylkesmannen og KS arrangerer regionvise samlingar i samband med kommunereforma på nyåret. Målgruppe blir kontaktpersonar og politisk og administrativ leiing. Invitasjon til desse samlingane blir utsendt til kommunane i november.

heilskapleg vurdering – og ut i frå måla i kommunereforma.

Fylkesmannen vil i arbeidet framover no ha tett kontakt med kommunane, og gi tydeleg råd om kva retningsval som ikkje samsvarar med måla i kommunereforma.

Lykke til med det vidare arbeidet med kommunereforma!



**Stopp abonnement**

Hvis du ikke lenger ønsker å motta våre nyhetsbrev kan du [stoppe ditt abonnement her](#).



Fylkeshuset, 6404 MOLDE - Telefon: 71 25 84 00 - Telefaks: 71 25 81 00 - E-post: [fmmrpostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmmrpostmottak@fylkesmannen.no)